



Figur 1: Elevarbeid kulturskole. Gruppebilde inspirert av Vincent van Gogh sitt bilde "kornåker"

KULTURPLAN

AUKRA KOMMUNE

2024-2027



INNHALD I KULTURPLANEN

1. Aukra – vår kulturprofil	3
1.1 Verdigrunnlag og målsettingar	3
1.2 Bakgrunn, ramme og avgrensing.....	4
1.3 Utvalde berekraftsmål i Aukra	5
1.4 Hovudsatsingsområde i planen	6
a) Folkehelse.....	6
b) Barn og unge.....	6
2. Kultur.....	8
2.1 Kommunale kulturinstitusjonar.....	8
2.2. Fritidsklubb og eigenorganisert aktivitet	8
2.3 Aukra Kulturskole	9
2.4 Aukra bibliotek	11
2.5 Aukra frivilligsentral	12
2.6 Aukra basseng	13
2.7 Aukra kino.....	14
3. Frivillig sektor.....	15
3.1 Idrett.....	16
3.2 Idrettsaktivitet	17
3.3 Idrettsanlegg og nærmiljøanlegg	18
3.4 Friluftsliv	20
3.5 Musikkliv og scenekunst.....	21
3.6 Arrangement	22
3.7 Andre lag og organisasjonar og Organisasjonseigde hus	22
4. Kulturformidling	24
4.1 Kunst- og kulturformidling	24
4.2 Kulturvern, kulturformidling og næringsliv	25
5. Rammeverk.....	26

1. Aukra – vår kulturprofil

1.1 Verdigrunnlag og målsettingar


Aukra full av energi er Aukra kommune sin visjon. Denne, saman med kommunen sine verdier ligg til grunn for at vi ilag skal lykkast med at alle - uansett funksjonsnivå, alder, sosial status eller økonomisk situasjon skal ha moglegheit til å vere med å bidra eller delta i kulturlivet i Aukra.

Fellesopplevingane kulturen gir moglegheit for, er utruleg viktige for alle, uansett alder. Verdien av fellesskapet kan ikkje undervurderast, men skal byggast opp under i alt vi gjer. På den måten skal endå fleire finne glede i å delta og ønskje å bidra til å skape gode treffpunkt og felles opplevingar.



Figur 2: Aukra kommune sine verdier
Attraktiv, Uredd, Kvalitet, Raud, Arbeidsglede

Gode, gratis eller lågkostnadsarrangement er ein avgjerande faktor for å inkludere alle og skape ei kjensle av at ein høyrer til. Samspel og deltaking bygger identitet og knyter heile kommunen saman. [Vi ønskjer at verdiane våre skal spegle både det som skjer i arbeids- og kulturlivet.](#)



Figur 3: Elevarbeid Kulturskolen

Ver med å fortelje dei gode historiene. Saman løfter vi fram alt det positive som kulturlivet i Aukra har å by på. Når vi framsnakkar og unner kvarandre suksess bygger vi både stoltheit og tilhørslse. Med fokus på "vi-kjensla" når vi målet om at alle skal kjenne at dei høyrer til i Aukra.



Figur 4: Elevarbeid Kulturskolen

1.2 Bakgrunn, ramme og avgrensing

Kommunestyret vedtok Aukra kommune si første kulturplan for perioden 2013-2016 den 22.11.12, sak 125/12. Planen har vore rullert to gonger etter det; K-sak 109/16, og K-sak 15/21.

Kommuneplan for idrett, aktivitet og friluftsliv har sidan 2012 vore ein del av kulturplanen.

Handlingsprogram for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg blir rullert årleg.

Denne planen skal vere eit verktøy som blir brukt både politisk og administrativt for vidare utvikling av kulturfeltet i Aukra. Den skal vere retningsgjevande ved prioritering av mål og tiltak.

Kulturplanen bygger på prioriterte satsingsfelt som er vedtekne i gjeldande samfunnsdel av kommuneplan for Aukra. Andre kommunale planer som; Barne- og ungdomsplan, Kulturmiljøplan, Omsorgsplan og Kommuneplanen sin arealdel, har også innverknad på korleis vi skal prioritere satsingane innafor kulturfeltet. Regionale og nasjonale føringar i planer og lovverk ligg også til grunn.

- ❖ Kulturplanen er avgrensa og handlingsretta. Ein går ikkje i djupna på alle felt som ligg under kulturområdet, men fokuserer på dei områda som utgjer grunnlaget for kultursatsinga i kommande planperiode i Aukra.
- ❖ Kulturplanen skal vere ei bruksplan. Den skal vere eit aktivt reiskap for alle aktørar på kulturfeltet i kommunen.
- ❖ Kultur grip inn i fleire kommunale sektorar og plana skal ha ein sektorovergripande rolle i forvaltninga og brukast til samarbeid på tvers av einingane.
- ❖ Når planen er vedtatt, er den retningsgjevande for tiltak som blir fremma i budsjettarbeid og handlingsplaner.
- ❖ Planen skal kunne bli utfordra og påverka ved å bli utsett for debatt og innspel i forskjellige fora. Det er gjennom eigarskap til dokumentet at den vil få full kraft og funksjonalitet.

1.3 Utvalde berekraftsmål i Aukra

Kultur er berekraft og har ein stor verdi i seg sjølv, men gjev også ringverknader utover dette. Kulturfeltet kan vere med på å nå fleire av berekraftsmåla, vi har valt ut seks av dei som vi meiner er relevante for Aukra og den nye kulturplanen.



Figur 5: God Helse

Berekraftsmål nr. 3, God helse: Deltaking i forskjellige kulturaktivitetar både som tilskodar og utøvar er bra for folkehelsa. Forsking viser at alle som konsumerer kultur i ein eller anna form opplever betre helse, er meir tilfreds med livet sitt og har mindre førekomst av angst og depresjon samanlikna med folk som ikkje er så opptatt av kultur. Kultur skaper fellesskap og samhald som igjen gir god livskvalitet.



Figur 6: God Utdanning

Berekraftsmål nr. 4, God utdanning: Formidling av kulturarv skaper kunnskap og ei sterkare bevisstheit til korleis vi kan forhalda oss til våre medmenneske, til ulike samfunnsgrupper og nasjonar. Kultur er grunnleggande for mennesket si danning og tek i vare læring, oppleving, skaping og formidling.



Figur 7: Mindre Ulikhet

Berekraftsmål nr. 10, Mindre Ulikheit: Kulturlivet skaper mangfald og arenaer for likeverdig deltaking. Aukra har aktivitetar og møteplassar organiserte av frivillige og kommunen som er opne for alle og gratis. Aukra skal vere eit inkluderande samfunn der alle høyrer til.




Figur 8: Bærekraftige byer og lokalsamfunn

Berekraftsmål nr. 11, Bærekraftige byar og lokalsamfunn: Aukradagen, Torgdagen, Aukracupen, Julsundmarsjen og Gossen Rundt er eksempel på kulturelle generatorar for lokal utvikling gjennom å skape opplevingar på nye stader og nye måtar. Kulturlivet skaper også møteplassar og arenaer for deltaking, idear og engasjement som kan brukast aktivt i utvikling av lokalsamfunn.



Figur 9: Ansvarlig forbruk og produksjon

Berekraftsmål nr. 12 Ansvarleg forbruk og produksjon: Vi skal arbeide for berekraftig drift av kulturfeltet. I dette ligg fokus på reduksjon i forbruk og auke i gjenbruk. Ei viktig oppgåve er å opptre som gode rollemodellar og bidra til at barn og unge utviklar kritisk tenking kring miljø og klima.



Figur 10: Samarbeid for å nå måla

Berekraftsmål nr. 17, Samarbeid for å nå måla: Eit godt samarbeid er avgjerande for å lykkast. Alle må delta og forplikte seg i samarbeidet slik at alle har ein god livskvalitet og er inkluderte. Kulturfeltet er ein arena for samarbeid mellom ulike yrkesgrupper, mellom kommune og frivillighet. Kulturen skaper sterke band mellom menneske, tankesett og idear. Kulturen bidreg difor til forståing for kva det vil seie å vere ein medborgar og å ta ansvar for eit fellesskap.

1.4 Hovudsatsingsområde i planen

Utfordringsbildet som Helsedirektoratet skriv om i «Folkehelse i et livsperspektiv» er at utvikling i helsetilstand og demografi er årsak til at det er nødvendig å investere i innbyggjarane si helse, slik at kostnader knytt til sjukdom ikkje bind opp stadig større deler av økonomien. Dei kallar dette livskvalitetsarbeid. Gjennom satsing og målretta arbeid på kulturfeltet kan vi vere med å bygge opp under livskvalitetsarbeidet i Aukra både for barn, unge, vaksne og eldre.

a) Folkehelse

Helsa vår blir påverka av mange faktorar. Både samfunnsforhold, levekår og individuelle forhold har stor verknad. 90% av faktorane som påverkar helsa vår skjer utanfor helsesektoren.


Vi skal arbeide for ein god oppvekst for alle, eit inkluderande samfunn og nærmiljø med møteplassar for alle aldersgrupper. Andre faktorar er lett og trygg tilgang til idrettsanlegg, turstiar og friluftsområde. Kultur og idrettsaktivitetar er førebyggjande og skaper god folkehelse gjennom samhald og kjensle av meistring. Frivillige, pårørande, organisasjonar og einskildpersonar er ein stor ressurs i folkehelsearbeidet. Alt arbeid for barn og unge, i barnehagar, skole og fritids- og kulturlivet skal vere: Førebyggjande, helsefremjande og utjamnande i høve sosiale skilnader.



Figur 11: Vinter ved Smågevatnet

b) Barn og unge

Målet i Fritidserklæringen er at alle barn, uavhengig av foreldra sin sosiale og økonomiske situasjon, skal ha moglegheit til å delta jamleg i minst éin organisert fritidsaktivitet saman med andre. Å delta i organiserte aktivitetar og fellesskap gjennom idrett, kunst og kultur blir løfta fram som viktig både for dei unge sitt sosiale liv, læring og deltaking i samfunnet.



Figur 12: MOT-brua

Rapporten «Barn og unges stemmer-kunst og kultur» BUSK som er ein del av stortingsmeldinga «Barne- og ungdomskultur» synleggjer viktigheita av at barn og unge får vere med å medverke i barne- og ungdomskulturen. I rapporten fortel barn og unge kva dei meiner er viktig.

Frivillige organisasjonar spelar ei avgjerande rolle for barn og unge sine fritidsaktivitetar. Å delta gir venner, fellesskap og mange positive opplevingar. Dette har stor betydning for ein god oppvekst.

Som MOT-kommune skal vi utvikle og forsterke ei felles verdiplattform der vi arbeider for å skape robuste barn og unge. Vi skal ivareta kulturelt mangfald og inkludere alle barn og unge i fellesskapet.

Barn og unge skal bli møtt med dei same haldingane på alle arenaer. Derfor er det viktig med det tverrfaglege samarbeidet mellom kommunale tenester, foreldre og frivilligheita i ei heilskapleg tenking om 24-timars barnet.

Som MOT-kommune arbeider vi for eit varmare og tryggare samfunn med verdiane

- ❖ MOT til å leve
- ❖ MOT til å bry seg
- ❖ MOT til å seie nei



Figur 13: MOT sin logo



Figur 14: Unge MOTivatorar og MOT-ressursteam 2024

«Det trengs ein heil landsby for å oppdra eit barn». Barn i Aukra skal vere omringa av vaksne som bryr seg. På den måten aukar moglegheita for ein trygg og god oppvekst. Dei gode opplevingane i oppveksten er med på å avgjere kvar dei skal busette seg når dei sjølv stiftar familie. Ikkje undervurder di rolle som vaksen, uansett kvar du møter barn og unge. Ver eit førebilde, fordi du er med å forme framtida.

Les meir om [Verdigrunnlaget i Barne -og ungdomsplanen om 24-timers barnet.](#)

2. Kultur

Miljøet som omgir oss er grunnleggande for helse, trivsel og livskvalitet, og for at menneske skal få utfolde seg, vekse og utvikle seg. Kulturen har ei viktig rolle i arbeidet med å legge til rette for eit godt og inkluderande Aukrasamfunn. Gjennom å fremme toleranse, mangfald og møteplassar skal alle medverke til at endå fleire blir med.

2.1 Kommunale kulturinstitusjonar

Kommunen skal vere samfunnsutviklar på kulturfeltet for alle som bur i kommunen. Det må vere tilgjengelege arenaer med rammer for både utvikling og presentasjon. Kulturen som er og blir skapt i kommunen er ein viktig del av Aukra sin identitet og bidreg til å gjere Aukra til ein attraktiv stad å bu og besøke.

2.2. Fritidsklubb og eigenorganisert aktivitet

Å vere saman med jamgamle i fritida i trygge omgivnader og med faste vaksenpersonar er viktig. Fritidsklubben er viktig i eit ungt liv, og for mange barn og ungdommar som ikkje ønskjer å delta i ein organisert aktivitet er fritidsklubben særskild viktig. Dei trygge faste vaksenpersonane som kjenner ungdommen kan vere avgjerande for den enkelte.

Det har skjedd ei endring i samfunnet der eigenorganisert aktivitet har fått auka merksemd og blitt langt meir mangfaldig. Idrettslaga opplever ein nedgang i medlemstal. Det er viktig at det er rom for eigenorganisert aktivitet som til dømes treningsparkar og treningssenter.

SATSINGSOMRÅDE	MÅL	TILTAK	NÅR
Møteplassar	Gode og tilrettelagte arenaer	Månadsarrangement i Aukra kulturhus Open kveld kvar veke både på Mevoldtunet og Sentral'n	Kontinuerleg
	Eigenorganisert aktivitet	Tilby gratis lån av lokale i kommunen	I plan-perioden
		<i>Finne eigna område for aktivitetspark, frisbeegolf e.l.</i>	2024
	Sommaraktivitet for ungdom	Gjennomføre kultur- og idrettsaktivitetar i sommarferien	2024
Marknadsføring på aktuelle sosiale media for å nå ungdommen		Kontinuerleg	
Aktivitet for ungdom	Auke deltakinga	Bibliotek, kulturskole og basseng arrangerer tilpassa aktivitet	Kontinuerleg
		Etablere ei ungdomsgruppe som kan drive eigne arrangement, på same måte som Vennelaget. Kalle det «Ungdomslaget»	2024/2025
	Ungdom får ein fast møtestad for gaming og datakultur	Regelmessige gamingkveldar	Kontinuerleg

	Kompetente og engasjerte tilsette og foreldre	Kurs og foredrag om viktigheita av å engasjere seg i aktivitet som barn og unge deltar på	Årleg
		Samarbeid mellom kommune, foreldre og andre Ressurspersonar	Kontinuerleg
Tilgang til aktivitet uavhengig av sosioøkonomisk bakgrunn	Kontantkassa skal vere ei fast ordning	Arbeide for å få øyremerka midlar i budsjett på kr 3.000,-. per barn per år.	2026
Betre tverrfagleg samarbeid (BTI)	Heilskapleg samarbeid rundt ungdom som treng ekstra ressursar	Ta initiativ til, og delta i samarbeid på tvers av einingane i kommunen slik alle ungdommar får gode opplevingar på fritidsaktivitetane	I plan-perioden

2.3 Aukra Kulturskole

Aukra kulturskole er skole, aktivitetsarena og ressursenter i kommunen. Kulturskolen tilbyr undervisning og aktivitetar innan dei ulike kunstfaga musikk, dans, drama/teater og kunst. Kulturskolen sitt føremål er gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til barn og unge som ønskjer det. Føremålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk. [Les Rammeplan for kulturskolen «Mangfald og fordjuping».](#)



Figur 15: Festframføring kulturskolen

Som **lokalt ressurscenter** samarbeider kulturskolen med barnehage, grunnskole, helsesektor, voksenopplæring, frivillig kulturliv, private kulturaktører og andre kulturskolar i regionen. Saman vil vi bygge og legge til rette for gode tilpassa kulturaktivitetar for alle innbyggjarane i Aukra.

Med visjonen «Kulturskole for alle» er det viktig at vi legg til rette for at kulturskolen er lett tilgjengeleg for alle. Å få moglegheit til å delta og oppleve kunst og kultur kan ofte vere avhengig av økonomi, tilgang til arena eller tilbod og forståeleg informasjon. Dette kan vere reelle hindringar for mange sine moglegheiter til å vere ein del av kulturskolefellesskapet og som blir viktig at vi i fellesskap bidreg til å løyse saman gjennom dialog og handling. [Kulturskolen skal vidareutvikle si rolle i lokalsamfunnet og vere ein aktiv samskappingsaktør både i og utanfor kommunen.](#)



Aukra kulturskole er skole, aktivitetsarena og ressurscenter i kommunen. Kulturskolen tilbyr undervisning og aktivitetar innan dei ulike kunstfaga musikk, dans, drama/teater og kunst. Kulturskolen sitt føremål er gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge som ønskjer det. [Formålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstnariske uttrykk; Rammeplan for kulturskolen «Mangfald og fordjuping».](#)

Figur 16: Dans Kulturskole

SATSINGSOMRÅDE	MÅL	TILTAK	NÅR
Gjere kulturskolen enda meir tilgjengeleg for alle.	Lik tilgang til kulturaktivitet	Låg elevbetaling og friplassar for familiar med låg inntekt	Permanent ordning frå 2024
		Opprette aktivitetar og fagtilbod med bakgrunn i etterspørsel	Kontinuerleg
Innføre nye tilbod og aktivitetar i bredde-, kjerne- og fordjupingprogrammet	Kulturskole for alle	Opprette nye tilbod til småbarn: Babysong 0-2 år Babysvømming Musikkleik 3-5 år	2024-2025
		Tilby ulike kurs som ivaretek ulike handverkstradisjonar og kulturhistorie	2024-2027
		Ivareta og opprette fleire tilbod til eldre: Syng saman, demenskor, musikkterapi for eldre	2024-2027
		I samarbeid med andre kommunar gi enda fleire elevar moglegheit til å delta i fordjupingsprogrammet	Prosjektmidlar 22-24. Varig tilbod frå 24-25
Bidra til styrking av dei estetiske faga i grunnopplæringa jf. regjeringa sin strategi:	Ein kulturskole for framtida	Bevare og utvikle nye tilbod i samarbeid med barnehage og grunnskole	Kontinuerleg
		Tilby DKS (kultursekken) tilbod i barnehage	2024-2027

Skaparglede, engasjement og utforskartrang. Praktisk og estetisk innhald i skole, barnehage og lærarutdanning		Kunst og kulturtilbod i SFO	2024-2027
Kvalitet og Kompetanseheving	Lærarar som kan møte krav i framtida om fornying og utvida arbeidsfelt	Kurs og etter-/vidareutdanning for dei tilsette	Kontinuerleg

2.4 Aukra bibliotek



Figur 17: Barneteater i biblioteket

Aukra bibliotek er ein uavhengig, framtidsretta og inkluderande møteplass som i sine tilbod legg vekt på kvalitet, allsidigheit og aktualitet. Aukra kommune har eit flott bibliotek som vert mykje brukt til arrangement, utlån av bøker m.m., som studiestad og som møtestad i lokalsamfunnet. Biblioteket er ein inkluderingsarena som minskar utanforskap ved å tilby aktivitet, uformell læring og kultur.

Biblioteket er ein viktig aktør for å nå bærekraftmåla gjennom å vere ope for alle, uavhengig av alder, bakgrunn eller sosial status. Biblioteket gir alle tilgang til informasjon og ressursar, og bidreg til å kjempe mot sosial ulikheit. Dei er bygd på ein delingskultur. Dette fører til mindre avfall og mindre

sosiale forskjellar. Biblioteket gir tilgang til PC-er og internett, noko som gir folk moglegheit til å utvikle digital kompetanse og få tilgang til digitale ressursar.

SATSINGSOMRÅDE	MÅL	TILTAK	NÅR
Eit bibliotek for alle	Eit meir tilgjengeleg bibliotek	Meirope bibliotek	2024
		Samarbeid med lag, organisasjonar og andre om arrangement og aktivitetar	4 gonger pr. år
		Huskonsertar med kulturskoleelevar på scena	2-4 gonger pr. år
	Nye brukarar	Kjøpe inn fleire e-bøker	Kontinuerleg
		Styrke marknadsføring av tilboda Våge å prøve ut nye typar arrangement og aktivitetar Vere opne for forslag/ønskjer frå lånarar både når det gjeld innkjøp og arrangement	
God kvalitet på tenestene	Vere ein aktiv formidlar av kunnskap	Dei tilsette skal ha kunnskap om formidling, organisering og igjenfinning av informasjon og litteratur	Kontinuerleg
	Vi skal ha ei god og aktuell mediesamling	Fornye og utvikle samlinga. Sørgje for kvalitet og variasjon gjennom å ha nye utgivelser tilgjengeleg og på etterspurnad	

2.5 Aukra frivilligsentral



Frivilligsentralen er ein mangfaldig møteplass med aktivitetar som er bygd på frivilligheita sine premisser og lokale ønskje. Dette blir ivaretatt i samhandling mellom frivillige, lag, organisasjonar, næring og kommune.

BUA Aukra er oppretta med målsetting om å førebygge og redusere fattigdom og sosial eksklusjon blant barn, unge og barnefamiljar. Alle skal ha moglegheit til å delta i aktivitetar som krev utstyr dei kanskje ikkje har råd til å kjøpe. I Aukra ser vi at alle låner utstyr, både barn og vaksne. Dette er svært positivt og er med på å gjere det naturleg å låne for alle grupper i befolkninga, også for dei som treng det mest.

SATSINGSOMRÅDE	MÅL	TILTAK	NÅR
Styrke frivilligheita	Gjere det meir attraktivt å vere frivillig	Konkrete kontaktpunkt for tettare oppfølging og samarbeid/rekruttering	2 gonger pr. år
	Auke tal på frivillige	Marknadsføre og gjere tilboda tilgjengeleg	Kontinuerleg
		Gjennomføre kampanjen «Verv ein frivillig»	Hausten 2024
Gjere BUA meir tilgjengeleg	Auke utlånet	Innføre reservasjonsordning	2024
		Ordning for henting og levering for dei som ikkje kan hente sjølve	2025
	Få frivillige til å hjelpe til i BUA	Marknadsføre oppgåvene	2024

2.6 Aukra basseng

Aktivitetar i svømmehallen er eit positivt kulturtilbod for befolkninga i Aukra. Både familiar med barn i alle aldrar og mosjonistar kan finne sin plass i bassenget til litt ulike tider. Bassenget er også godt tilrettelagt for personar med særlege behov.

Svømmeforbundet legg stor vekt på kor viktig det er at barn lærer å svømme. Etter at det nye bassenget stod ferdig i 2022 ligg forholda godt til rette for ei god svømmeopplæring. I eit folkehelseperspektiv er svømming god trening av heile kroppen.



Figur 18: Trening i bassenget

SATSINGSOMRÅDE	MÅL	TILTAK	NÅR
Bassenget for alle	Låg terskel for å bruke bassenget	Rimelege prisar og gode rabattordningar Fleksible opningstider tilpassa etter behov	I planperioden
Svømming og aktivitet i vatn som folkehelse	Gode og varierte tilbod til brukarane av bassenget	Tilpassa opningstider til brukargruppene	I planperioden
Svømming som idrett	Svømmegruppe i regi av idrettslaget	Kompetanseheving Samarbeid om tilrettelegging	2025
Vere trygg i bassenget	Badevertane skal ha høg kompetanse innafor livredning	Kurs og kompetanseheving	Kontinuerleg

2.7 Aukra kino

Kinodrift er ei ny og spennande kommunal oppgåve. Aukra kommune tok over kinodrifta frå Gossen frilynde ungdomslag. Pr. i dag har kommunen avtale med Bygdekinoen og viser to førestillingar annakvar søndag, der den eine er for barn.

Kinoen som kulturformidlar ønskjer å nå eit breitt publikum. Den blir også sett på som ein sosial arena, der kinobesøk i tillegg til å gi kulturelle opplevingar knytt til sjølve filmen og filmtilbodet, også er arena for sosialt fellesskap og utvikling av sosiale relasjonar. Dette ønskjer vi å utvikle også i Aukra.

SATSINGSOMRÅDE	MÅL	TILTAK	NÅR
Vidareføre og utvikle den lokale kinokulturen	Samarbeid med einingar i kommunen, med bedrifter og frivillige lag og organisasjonar	Tilby kinoframvisingar for ulike grupper	I planperioden
	Folk i Aukra ser på kino som ein sosial aktivitet	Utvikle kinosøndagen med møteplass og kiosk/kafé Utvikle samarbeid med frivillige samarbeidspartar	2024
	Høg kvalitet på filmar som blir vist	Utvikle samarbeidet med Bygdekinoen, og påverke val av filmar.	Kontinuerleg
	Gjere kinoen tilgjengeleg for alle	Ha rimelege billettprisar	Kontinuerleg

3. Frivillig sektor

[Frivillig sektor er avgjerande for eit aktivt og levande lokalsamfunn.](#)
[Kulturaktivitetane som det frivillige kulturlivet sett i gang skaper samfunnsutvikling, sosiale møteplassar og tilhøyrsløse.](#)

Dette bringer ny kunnskap og er helsefremjande.

Organisasjonane opplever ei endring frå lange medlemskap til prosjektdeltaking. Dette krev at frivilligheita er meir fleksibel i organisering av medlemskap og aktivitetar.



Figur 19: Juleavslutning Aktiv senior

SATSINGSOMRÅDE	MÅL	TILTAK	NÅR
Fritidsaktivitet for alle	Alle barn og unge, uansett bakgrunn, kan delta i fritidsaktivitetar og på sosiale møteplassar	God marknadsføring Oversikta «Aktivitet for alle» oppdaterast og digitaliserast	Kontinuerleg Våren 2024
	Inkludere og integrere nye innbyggjarar	Bruke kontantkasseordninga	Kontinuerleg
		Arrangere «Ny i Aukra» Arrangere «Frivillig-Auksjon»	2025
Samhandling	Tettare samarbeid mellom kommune og frivillig sektor	Fysiske og digitale møter	Minimum 2 gonger i året
	I fellesskap skape opplevingar i lokalsamfunnet	Sjå på moglegheit for etablering av Aukra kulturråd	2025
		Felles oppgåveløysing og Informasjonsflyt	Kontinuerleg
		Arrangere felles kulturfest	Årleg
Frivilligheita skal ha gode rammevilkår	Fleire er aktive i fritida	Søke om tilskot på aktuelle ordningar i og utanfor kommunen	I planperioden
		Frivilligheita har tilpassa lokale for sin aktivitet	Kontinuerleg
		Tilby skyss til trening og arrangement	I planperioden
		Frivillig støttegruppe for dei med psykiske utfordringar (ref. Demensforeninga og openheit rundt demens)	2025

		Retningslinjer og storleik for kommunale tilskotsordningane skal reviderast	2025
	Bygge kultur for å styrke kvarandre	Arrangere årlege inspirasjonsforedrag Støtte opp om eldsjelene	Årleg i planperioden Kontinuerleg

3.1 Idrett

Idrett spelar ei stor og viktig rolle for Aukra samfunnet. Gode idrettsaktivitetar tilbyr verdifulle fellesskap og skapar sunne oppvekstvilkår. Idrett bidreg til god folkehelse, tilhøyre, stoltheit, og inkludering.



Figur 20: Idrettsglede for alle er Norges Idrettsforbund sin visjon

[«Idretten vil» er langtidspanen for Norges Idrettsforbund 2023-2027.](#)

I Aukra skal vi jobbe for å nå desse strategiane i planen:

- Attraktivt og variert idrettstilbod
- Solide og godt drivne idrettslag
- Idrettsanlegg for framtida

Det er viktig med gode rammevilkår for idrettslaga. At barn og ungdom er aktive i idrettsaktivitet så lenge som mogeleg er eit viktig satsingsområde. Nye aktivitetsformer kan vere ei løysing. Vi skal fortsette å arbeide for dette.

3.2 Idrettsaktivitet

Idrettsaktivitetar er med på å knyte innbyggjarane i Aukra kommune saman, både dei som er utøvarar og dei som er med i støtteapparatet. Frivillig engasjement er ein avgjerande bærebjelke for at idretten skal kunne halde fram og vekse. Målet om at alle skal finne sin plass og kjenne at dei høyrer til er viktig også i idretten. Aukra har eit fleiridrettslag og nokre særiddrettslag. Aukra er ein liten kommune og har ikkje den breidda i idrettstilbod som større kommunar har.

Det har dei siste åra blitt færre medlemmar i idrettslaga. Aukra ligg nesten nedst på lista over aktive deltakarar i idrettsaktivitetar i % av folketallet i Møre og Romsdal (2022).

Fair play og gode verdiar er grunnleggande i idrettsaktivitet:

“Fair play er et samlebegrep vi bruker når vi snakker om holdnings- og verdiarbeid. Fair play er en del av grunnlaget for idrettsglede ved at det er retningsgivende for hvordan vi utfører handlinger og uttrykker holdninger, både i det sportslige og utenom. Fair play gjør oss bevisst på hvordan ord, kroppsspråk og handlinger påvirker andre og påvirker miljøet vi befinner oss i. Fair play handler om respekt – respekt for hverandre, respekt for innsats og respekt for ulikheter.” (Frå amerikanske idretter.no)

[«Barneidrettsbestemmelsene» er retningsgivande for idrettsaktivitetane i kommunen.](#)

I Norge er idretten eit av dei områda der det blir lagt ned mest frivillig arbeid. For at frivillige lag og organisasjonar skal kunne skape meir aktivitet, må dei få rammevilkår for å kunne gjere det.

I ungdomsåra er det mange som sluttar med idrett. Det er ønskeleg at ungdommen fortset i idretten lengst mogleg. Derfor er det viktig å lage tilbod som ungdommen ønskjer og meistrar, gjerne eit alternativ til konkurranseidrett.

SATSINGSOMRÅDE	MÅL	TILTAK	NÅR
Barn og ungdom driv med idrett i heile oppveksten	Større breidde og auka aktivitet i idrettslaga.	Arbeide for auke i ramma for kulturmidlar	Kontinuerleg
		Opprette: -svømmegruppe -paraidretts aktivitetar -open hall - samarbeid mellom dei ulike idrettslaga og kommunen	2024/2025 I planperioden 2025
	Samarbeid på tvers av idrettslag og kommunen	Halvårige møter mellom leiing i idrettslaga og kommunen	2 gonger per år
Rekruttering	Fleire aktive medlemmar i idrettslaga. Behalde eksisterande medlemmar	Synleggjere aktiviteten gjennom brosjyre og digitale plattformer	2024
		Gjennomføre felles rekrutteringsdag, «Idrettens dag»	Anna kvart år
	Inkludere nye innbyggjarar i idrettsaktivitet	Samarbeid mellom idrettslag og kommunale einingar	Kontinuerleg

		Kartlegging av barn og unge sine aktivitetsønskje	2024
	Fleire foreldre tar på seg tillitsverv i laget der barna er med.	Kompetanseheving for støtteapparatet gjennom kurs frå Møre og Romsdal idrettskrets	Kontinuerleg
		Framsnauke vaksne si rolle i idretten og tett dialog med foreldra for å ta vare på eldsjelene	
Idrett for alle	Moglegheit for at alle kan delta	Kontantkasse. Enkel tilgang til aktivitetane	Kontinuerleg
	Kompetanseheving innan paraidrett	Besøk på paraidrettssenteret i Trøndelag	I planperioden
	Breidde i idrettstilbod	Mange ulike aktivitetar Samarbeid med andre kommunar	
	Fleire aktive vaksne	Fleire mosjonstilbod i idrettslaga	

3.3 Idrettsanlegg og nærmiljøanlegg



Figur 21: Aukra arena med Riksfjord Stadion

Gode og varierte idrettsarenaer er nødvendig for å skape aktivitet, både organisert og eigenorganisert. Eit godt anlegg er med på å gi gode idrettsopplevingar og skape attraktive møteplassar. Det er ein viktig sosialiserings- og læringsarena, så vel som ein arena der barn og unge utviklar seg både fysisk, sosialt og mentalt.

Dei fleste former for fysisk aktivitet og idrett krev ei form for tilrettelegging. Eit godt anlegg for fysisk aktivitet kan vere alt frå små treningsparker til eigenaktivitet, til ein stor fleirbrukshall.

Sambruksanlegg og aktivitetsparkar er noko som har vore fremma den siste tida fordi dei skapar mykje aktivitet. Tett samarbeid mellom idrett og kommune kan gi gode og framtidsretta anlegg. Ein rapport frå NIF viser at ei krone investert i idrettsanlegg gir tre kroner tilbake til samfunnet.

[Oversikt over ulike anlegg i Aukra kommune finn du her.](#)

I tråd med Kulturdepartementet sine retningslinjer utarbeider Aukra kommune handlingsplan for ordinære anlegg og nærmiljøanlegg som blir rullert årleg og behandla politisk. Planen skal sørge for ei målstyrt og prioritert utbygging av anlegg til idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Aukra kommune. Planen skal også gi innspel til kommuneplanen sin arealdel for å sikre framtidige areal for leik, friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet. Dei gir også grunnlag for søknad om statlege spelemlidar til dei anlegga som kvalifiserer til slik støtte.

Det er ønskje og behov for nye anlegg jfr. Handlingsprogram for idrettsanlegg. Kunstgraset på Riksfjord må skiftast ut om ikkje lenge. Det er ei stor utfordring at ein enno ikkje har gode alternativ til gummigranulat på kunstgrasbaner. Gummigranulat frå kunstgrasbanar reknast å vere den nest største landbaserte kjelda til mikroplast i Norge. Omtrent seks prosent av gummigranulatet hamnar utanfor bana kvart år. EU la i 2023 ned forbod mot gummigranulat, dette i ei overgangsperiode på 8 år.

SATSINGSOMRÅDE	MÅL	TILTAK	NÅR
Gode og tilpassa idrettsarenaer	Auka aktivitet	Anlegg for nye aktivitetar	I planperioden
	Gode økonomiske rammevilkår og trygge anlegg	Lage plan for drift og vedlikehald i samarbeid med tekniske tenester og idrettslaga	2024
Fleire idrettsanlegg	Auka kapasitet	Samarbeid med nabokommunar og idrettslag	I tråd med vedtatt handlingsprogram
Berekraft	Fotballbaner med miljøvennleg dekke	Tiltak blir gjennomført i samsvar med forskrift om forureining, fram til det eksisterer ei løysing som tek i vare både kvalitet og miljø.	Innan 2027
Auka samhandling	Samarbeid mellom kommune og frivilligheita	Brukarmøte	2 gonger per år

3.4 Friluftsliv



Figur 22: Hundetjønna

Friluftsliv har låg terskel for deltaking, og naturen er det mest brukte «anlegget» i Norge til trening, mosjon og rekreasjon for vaksne. Det er mange faktorar som verkar inn på om ein er fysisk aktiv eller ikkje. Det er viktig at vi som kommune legg til rette for lågterskelaktivitetar. Det skal være enkelt å vere aktiv. Eit mål er at alle skal ha tilgang til eit friluftsområde innan 500 meter frå der ein bur. Ved å legge til rette for friluftsliv og fysisk aktivitet, ved til dømes gode turstiar får ein fleire aktive. Det er viktig å legge til rette for friluftsliv med enkel tilgjengelegheit gjennom parkering, merking og bygging av stiar- og løyper, samt å skape gode turmål.

Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, der Aukra er medlemskommune, er ein god medspelar for å skape eit aktivt friluftsliv. [I samarbeid er det laga ei Kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Aukra. Denne ligg i naturbase.](#)

SATSINGSOMRÅDE	MÅL	TILTAK	NÅR
Turstiar	Knyte saman eksisterande turstiar til lengre turar	Gjere avtaler med grunneigarar	I plan-perioden
	God kvalitet på turstiar	Jamleg vedlikehald av turstiar	
	Dokumentasjon i kart og planer	Lage plan for «Friluftslivets ferdselsårer»	2025
Utandørsklatring	Klatreveggen Ramnfloget skal vere ein attraktiv klatrevegg	Endre tilkomst og ny parkeringsplass med toalett Gjere avtale med grunneigarar	2027
Padling	Padlehuk på vestsida av Gossen	Finansiere prosjektet	2025

3.5 Musikkliv og scenekunst

Musikklivet består av mange aktører; frivillige, offentlige, amatører og profesjonelle som alle bidreg til at det vert skapt opplevingar i lokalsamfunnet. [Aukra har eit rikt og mangfaldig musikkliv; Kulturskolen, musikkverkstaden, kor, korps, band, amatørar og profesjonelle musikarar.](#)

Musikklivet bidreg i tillegg til å fremje forståing mellom menneske som elles ikkje ville hatt kontakt. I ei verd der einsemd vert ei stadig større utfordring for samfunnet treng vi musikken, møteplassane rundt den, mangfaldet og opplevingane den legg til rette for. Samfunnet vårt treng musikk!



Figur 23: Julsundet Musikkorps

Scenekunst er ulike kunstformer som blir presentert direkte eller live for eit publikum. Dette kan vere musikk, teater, dans og andre framsyningar.

Regjeringa ønskjer å legge til rette for produksjon og formidling av scenekunst over heile landet. I 2021 blei [Strategi for scenekunst 2021-2025 utarbeidd med mål om å sikre verkemiddel som gir gode rammer og vilkår for utvikling, produksjon og formidling av scenekunst.](#) Dette for at heile befolkninga i Noreg kan ha eit tilbod av profesjonell dans og teater, opera og musikkteater.

Med Aukra kulturhus opna det seg større og fleire moglegheiter for scenekunstmiljøet, både for lag og organisasjonar i kommunen, men også eksterne aktører som ønskjer å komme til Aukra. Dette er også med på å gje innbygarane i Aukra eit rikt og mangfaldig kulturtilbod.

Kunst og kulturlivet er viktige samarbeidspartnarar for kulturavdelinga i kommunen. Aukra kulturskole samarbeider i dag med det lokale kulturlivet gjennom aktivitetar, opplæring og bruk av dirigent- og lærartenester. For kor, korps, teaterlag og andre foreiningar som nyttar seg av opplæringstilbodet gjennom kulturskolen, er skoleslaget ei viktig støtte for å sikre kvalitet og kontinuitet. Kulturskolen og kulturlivet er gjensidig avhengige av at begge partar gjer kvalitativt godt arbeid for å rekruttere nye medlemmar.

3.6 Arrangement

Alle arrangement er viktige for å skape bulyst og blilyst. Frivilligheita bidreg sterkt til dette. Det er fleire arenaer som kan nyttast til dei ulike arrangementa, for eksempel ved gapahuken, på idrettsarenaen, eller større framsyningar frå ei scene. Engasjement rundt alle arrangement er viktig både for den som arrangerer og publikum som deltakarar. Gode arrangement og møteplassar er noko som skaper engasjement og som er utviklande for eit lokalsamfunn.



Figur 24: Aukradagen 2023

SATSINGSOMRÅDE	MÅL	TILTAK	NÅR
Merkevarebygging	Behalde og utvikle tidlegare og eksisterande arrangement	Restarte «Fiskefestivalen»	2025
		Gjennom samarbeid engasjere næringsliv og fleire frivillige til å utvikle Aukradagen	I plan-perioden
Gjere arrangement tilgjengeleg for enda fleire	Tilby gode opplevingar	Sørge for god variasjon i type arrangement	Kontinuerleg
		Universelt utforma tenester og produkt	
		Opplæring i digital kompetanse	

3.7 Andre lag og organisasjonar og Organisasjonseigde hus

Frivillige organisasjonar bidreg til kompetanse, læring og inkludering og gir folk i alle aldrar anledning til å møtast, engasjere seg og vere ein del av eit fellesskap. Dei arbeider for trygge rammer og det å skape positive miljø. Mangfald og bredde i lag og organisasjonar er viktig for at alle skal finne sitt fellesskap og kunne dyrke si interesse. [Aukra har eit variert tilbod for alle aldersgrupper.](#)

Fleire av organisasjonane eig hus og dei er viktige møteplassar for medlemmane i organisasjonen og andre. Drift og vedlikehald er krevjande for ein organisasjon og dei er avhengig av at kommunen er ein aktiv støttespelar.

Velforeiningar og grendalag bidreg til felles innsats der einaste kriterie for å delta er at du er nabo og enten har lyst til å medverke eller delta i aktivitetane. Velfungerande velforeiningar styrker livskvalitet og gir folk flest ei kjensle av tilhøyrse og deltaking. Dette motverker ein av vår tids utfordringar når det kjem til folkehelse, nemleg einsemd som rammar alle generasjonar.

Gode nærmiljø er med på å auke trivselen der du bur. Det er viktig å kjenne folk i nærområdet, det er med på å skape et trygt og sikkert bumiljø. Kven kan du ringe til om du skulle trenge hjelp til noko? Kjennskap til kvarandre gjer også at tør å bry oss meir om kvarandre. Ei aktiv velforeining kan gjer det enklare å ønskje nye naboar velkommen inn. Nokre av velforeiningane har oppretta fadderordning når nye naboar flyttar inn. Ei samla velforeining kan vere eit viktig og sterkt taleorgan i saker som gjeld nærmiljøet, anten opp mot kommunen eller andre aktørar.

Ein god måte for å bli betre kjent er den gode gamle dugnaden, det skaper gode relasjonar mellom naboar og ein får samstundes gjort mykje nyttig i nærmiljøet. Eit aktivt grendalag har stor verdi for både deg som nabo og for heile Aukra kommune.

4. Kulturformidling

4.1 Kunst- og kulturformidling

Området kulturformidling famnar breitt, og er noko alle innan kulturlivet på ein eller annan måte driv med. Kulturformidling kan vere både dei store konsertane på ei scene eller den gode historia frå gamle dagar fortalt på ei kulturminnevandring. Gjennom dei kommunale tenestene skjer det dagleg ulike formar for formidling, anten det er i skole/barnehage, på kulturskolen, på omsorgssenteret, i biblioteket eller i det lokalhistoriske arbeidet. Det same gjeld i Aukra sitt mangfaldige kultur- og organisasjonsliv. Her er det både enkeltpersonar og lag som legg ned mykje tid og arbeid i å formidle noko til andre. Formidling av lokalhistoria vår er viktig, både den nære og den fjerne. Slik bygger vi identitet, og det er derfor viktig å formidle den både til nye generasjonar og nye innbyggjarar. Formidling av kultur på ulike arenaer, er med og tar vare på det som allereie eksisterer og samtidig skaper noko nytt.



Figur 25: Kunst kulturskole

SATSINGSOMRÅDE	MÅL	TILTAK	NÅR
Kunst og kulturformidling til alle målgrupper	Utstillingar med varierte tema i Liljå heile året	Samarbeid mellom tenestene i kulturavdelinga, frivillige og utøvande kunstnarar	Kontinuerleg
	Barn og unge skal bli kjente med lokalhistoria	Samarbeidsprosjekt i kulturskolen med tema lokalhistorie (ARV)	
Utvide kunnskap om kunst og kulturuttrykk	Presentere kunst og kultur som ikkje så mange er kjent med	Invitere ulike aktørar til arrangement og aktivitetar i kulturhuset	I planperioden

4.2 Kulturvern, kulturformidling og næringsliv

Kulturarven i Aukra er mangfaldig og knyter seg både til eldre og nyare historie. Kulturarven er viktig for den lokale identiteten og er av interesse for besøkande. Kulturarv kan vere både av materiell og immateriell karakter. Den immaterielle kulturarven er alt av tradisjonar og kunnskap som menneska har med seg og overfører mellom kvarandre. Materiell kulturarv er dei fysiske spora som står att etter menneskeleg aktivitet, også kalla kulturminne. Kystkulturen er ein del av Aukra sin kulturarv, og kystlandskap og natur kan opplevast både knytt til kulturminne og bruk av turstiane. Aukra kyststi er eit godt eksempel på det.



Figur 26: Horrem kvernhus

Kommunen si kulturmiljøplan gir oversikt over dei viktige kulturminna og kulturmiljøa, og vi skal følgje plan for forvaltning av desse.

Attraktiviteten til ein kommune er eit resultat av ulike faktorar, mellom anna senterstruktur, gode offentlege tenester, kultur og fritidstilbod, arbeidsmarknad og handels- og sørvistilbod. Næringslivet, frivilligheit og kommune i samspel skaper bulyst. Det vil også kunne gjere kommunen meir attraktiv for besøkande og turistar.

SATSINGSOMRÅDE	MÅL	TILTAK	NÅR
Nærare samarbeid mellom Løvikremma og Aukra kommune.	Auka besøk på Løvikremma	Tilby «Kulturpakka» forteljarteater m/servering. Eit samarbeid mellom Romsdalsmuseet og frivillige. Aukra kommune bidrar med marknadsføring	Kontinuerleg
Realisere tiltak i kulturmiljøplan	Identitet og tilknytning til Aukra blir sterkare i lokalmiljøet	Løfte fram Aukra kommune si historie og kulturarv på regionalt nivå og overfor reiselivet	Kontinuerleg
Samarbeid mellom kultur og næringsliv	Aukra skal vere eit attraktivt reisemål	Utvikle opplevingar som er bookbare for besøkande	Kontinuerleg
	Turistinformasjon på kulturhuset om sommaren	Betjent av ungdom i sommarjobb	Årleg

5. Rammeverk

Kulturlova.

§ 1. Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.

Vidare står det i lovteksten at fylkeskommunen og kommunen skal sørge for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt. Staten, fylkeskommunen og kommunen skal syta for at kulturlivet har føreseielege utviklingskår, å fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar, at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.

Kulturskolelova

Kulturskolen sitt samfunnsoppdrag er forankra i Opplæringslova sin paragraf § 13-6: Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles. (1997)

Biblioteklova

Lov om folkebibliotek gjelder for kommunale folkebibliotek, fylkeskommunens bibliotekoppgaver, og særlige bibliotekformål som staten har ansvaret for.

§ 1. Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Bibliotekenes innhold og tjenester skal gjøres kjent. Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt biblioteksystem.(Lovdata)

Folkehelselova

Kommunane har ei svært sentral rolle i folkehelsearbeidet. Under kjem nokre utdrag frå Folkehelselova;

§ 1. Formålet med denne loven er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller.

§ 4. Kommunens ansvar for folkehelsearbeid Kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen.

§ 5. og § 7. Oversikt over helsetilstand og folkehelseiltak «Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkningen og de positive og negative faktorer som kan virke inn på denne. Den skal også iverksette nødvendige tiltak for å møte kommunens folkehelseutfordringer.

Kulturminnelova

§ 1. Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet. Når det etter annen lov treffes vedtak som påvirker kulturminnerressursene, skal det legges vekt på denne lovs formål. (Lovdata Lov 3.jul 1992 nr. 96)